

SAK: Søknad til Vinje kommune om stønad til innkjøp av løypemaskin IL Rein

Bakgrunn

IL Rein er eit aktivt idrettslag i Vinje kommune, me bidreg aktivt i eit lite lokal samfunn med aktivitet for ungar, ungdom og vaksne. Me har greidd å halde aktivitet i gjennom mange år med både fokus på dei som ynskjer å satse aktivt innan langrenn, men også for dei som berre ynskjer å ha det moro på ski. Me ser også tydeleg viktigheitene av sosiale arenaer der flyktningar og ny innflytta har ein arena dei kan utfordre seg på og kanskje aller viktigast integrere seg i lokalsamfunnet. IL Rein arrangerer årleg eit profesjonelt turrenn på Haukelifjell, dette er både ei god inntekt men også ein fin sosial arena der ca. 140 lokale frivillige arbeider dugnad.

IL Rein har i dei seiste 6 åra gjort vesentlege oppgraderingar ved hjelp av dugnad, spelemidlar og tilskot frå Vinje kommune. Her kan me nemne utskiftinga av 300 ljøs i ljøsløype til LED, ny ljøsløypetrase, nytt stadion område, skileik område med hopp og nytt skitrekk. I 2019 blei det også investera i ei trakkemaskin som var ei 2015 modell til 1 500 000 kr, som blei fullfinansiert av IL Rein med eigenkapital og banklån. Dette var ei maskin med større bredde og sterkare motor slik at den kan trække både ljøsløyper, skileik område og at me også kan bruke den på høgfjellet når me klargjer og trakkar løyper til Haukelirennnet.

Løypemaskiner er avansert utstyr som etter noko tid blir kostbare å utføre vedlikehald på, i tabell under viser me utgifter knytt til sørvis og vedlikehald i 2023 og 2024.

År	OWREN; sørvis, vedlikehald trakkemaskin	Drivstoff	Sum	Løypetilskot frå Vinje kommune
2023	224182 kr	72155 kr	296337 kr	88850 kr
2024	139 454 kr	37451 kr	176905 kr	88850 kr

Det å drifte frivillig arbeid er kostbart, og dei seiste åra har alt blive endå dyrare det syner tabellen over greitt med at delen idrettslaget sit att med er veldig stor. Alt me gjer i idrettslaget er dugnad, om det er styreverv, skitrenar eller trakkemaskinkøyrar skjer det på dugnad.

Ein ser mange idrettslag som slit med høge kontingentar og treningsavgifter. IL Rein har rimeleg kontingent og ikkje treningsavgift til sine medlemmer. Det er ei prioritering me gjer for å kunne gjeva eit tilbod til alle uansett kva heim dei kjem i frå.

Drøfting

IL Rein er nøydte til å investere i ei nyare maskin, som både kan brukast til skileikområde, ljøsløype og på høgfjellet til Haukelirennnet. Me må få ei maskin som gjev oss meir foreseielege driftsutgifter.

I tabell under viser med finansieringsplan for ny trakkemaskin, planen er avhengig av at me oppnår støtte frå Gjensidige stiftelsen og DNB Sparebankstiftelsen. Etter dialog med Idrettsråd i kommunar i Vest-Telemark, til dømes Tokke kommune veit eg at dei har hatt ei ordning der kommunen forskutterar heile beløpet og så vil Idrettslag tilbakebetale beløp etter som søknadene om støtte frå stiftelsar blir godkjent.

Denne søknaden er oppdatert 1 mai 2025, endringar i frå tidlegare søknad er at me no vurderer ein mindre modell som kan dekke behovet me har. For at behovet for trasking av Haukelirenn løypa er me avhengig av at me får disponere/leige ei tyngre maskin frå Haukelifjell skisenter. Denne dialogen på gjeng no.

Me har også vore i dialog med Haukeli skuterklubb om det er mogleg med noko samkøyring på ski og skuterløyper i Øvre Vinje. Denne dialogen og ei felles uttale frå IL Rein og Haukeli skuterklubb er vedlagt søknaden.

Finansieringsplan

Pris NOK uten mva (Euro 11,7 kr)	3000000
Pris NOK ink mva (Euro 11,7 kr)	3750000
Egenkapital /Innbytte gammel maskin IL Rein	800000
DNB Sparebankstiftelsen	500000
Andre stiftelser	500000
Spelemidler utstyr NIF (max 300000kr)	300000
Vinje kommune	1500000
Kommunalt lån/banklån	150000
Balanse	0
Finansiering er basert på tilbud frå Antra på ein pris 254000 euro eks mva	

Konklusjon

IL Rein søker om stønad på 1,5 millionar kroner til ny løypemaskin. Idrettslaget meiner det er viktig at ein tek med seg i vurderingane at tidlegare løypemaskin er fullt ut finansiera av idrettslaget sjølve, samt at tilbudet me gjev ei bygd i Vinje er fullt ut basera på dugnad. All aktivitet me driv er retta mot born og ungdom i Øvre Vinje, i tillegg er det også eit viktig tilbud til skule, bornehage, øvrige innbyggjar og turistar i området.

Med beste helsing

På vegne av styret i IL Rein

Knut Rosenkar Garnes

Leiar IL Rein

Om det er spørsmål avklaringar av sakshandsamar kan ein kontakte:

Leiar IL Rein og medlem trakkemaskin utval: Knut Rosenkar Garnes tlf 90639319 eller

Medlem trakkemaskin utval: Tommy Lindskog tlf: 92661721